

# Livet på Bergom i stadig utvikling

Det skjer ei stadig utvikling på Fossbergom. Sidan Eirik Andvord fekk handelsbrev på handel i "Eiriksbygningen" i 1869, har det vore ei rivande utvikling i Lom sentrum. I tillegg har det vore ei utviding av handelssenteret til Prestøya og Gjeisraøya. Seinaste nå i sommar fløtte Hårloftet sin salong og utvida til også å gjelde forretning.



Ny-koopen stod ferdig i 1936 og er her fotografert ikkje lenge etter at den vart bygt. Foto frå Skjåk historielag fotosamling / Lom og Skjåk sparebank, banken som bygdautviklar.

Nå førebur Coop Ottadalen utviding og omdisponering av handelshuset. I Murgarden på andre sida av rv. 55 har Lom næringspark planar om å setje opp nybygg.

## Sentral handelsstad

Etter at standarden på vegnettet tok seg opp og vareutvalet voks, endra ferdselen seg til å dreie seg om turar fyrst og fremst til Lillehammer etter varer. Når så jernbana kom til Otta i 1896 vart avstanden etter varer ytterlegare redusert. Ferdmennene miste dermed leverbrødet.

## Handel på Blakar frå 1828

Alt frå 1828 var det i eit par år drive handel på Blakar. I tillegg hadde vaggeren Hans Mo også handel på Frisvoll-

moen. Etter dette var landhandelen på Krøkjehaugen, dreven av Halvor Rasmussen Flå og Eilev Aukurst og Tosten Erlandseh Hesthågå opna handel

i Garmo i 1868. Tosten fekk konkurranse frå Eirik Andvord som det same året starta handel på tomte som Nils Haugen AS held til på i dag.



Murgarden på 1960-talet da Lom koop. hadde butikk i fyrste etasje og det var kontor i 2. etasjen der mellom andre OKB leigde plass.



Lom handelsforening handla med kolonial og manufaktur på Søndre Andvord frå 1873 og Nils Andberg var den fyrste som dreiv handel på "Gammel-Koopen" frå 1877, der Lom Koop handelslag seinare starta opp. Th. Garmo starta sin butikk rundt århundreskiftet.

### Stadig utvikling på Koopen

På koopen går utviklinga sin gang. Det føreligg planar om utbygging av ein seksjon til mot vest. Denne skal etter planen romme to nye leigetakarar i fyrste etasjen og parkering utan tak i 2. etasjen.

Hovudinngangen blir fløtt til midten av bygget der ferskvara er nå. Etter 20 år med Mega, blir daglegvareavdelinga nå omprofilert til Extra frå 1. desember. Denne skal ha tilhald i austre delen av bygget.

Turistinformasjonen er tenkt skal halde fram på det same arealet som tidlegare.

I 2. etasjen blir det også ein del omrokking. I dei tidlegare lokala til Hansen og Dysvik skal sportsavdelinga inn. Det blir også gjort ein del endringar på arealbruken ellers. Ein ny leigetakar tek over arealet som sporten har hatt til nå.

### Utbygging på Murgarden

For Murgarden ligg det føre planar om utbygging med nybygg på platninga aust for eksisterande bygg. Planane går mellom anna ut på utbygging av forretningsareal på grunnplanet.

Lom Koop eigde og brukte Murgarden til forretningsdrift fram til august 1968. Da vart jernvara og manufakturen fløtt opp til det nye varehuset som var bygt framfor det gamle. "Gammelkoopen" frå 1936 vart da riven.

Foto utlånt av Odd Husom.



Kolonialen til venstre og Murgarden med manufaktur, jernvare og lensmann til høgre. Bilde teke rundt 1960.



Ved kassa på koopen. I kassa står Astrid Botten Aanstad. Bilde er teke ei stund før det nye varehuset vart teke i bruk i august 1968.



Manufakturavdelinga på Lom Koop i Murgarden. Ragna Isehaug med Torstein Sandviken heilt til høgre. Bildet er frå 1950-talet.